



Kulturdepartementet

Deres ref

Vår ref

Dato

2013/2567-MAUHA

30.08.2013

### Hørings svar fra Universitetet i Bergen om NOU 2013:1

Det vises til brev fra Kulturdepartementet, datert 11.02.13, der departementet ber om innspill til utredningen NOU 2013:1 Det livssynsåpne samfunn.

Universitetet i Bergen har ikke kommentarer til utredningen, men vi vil oversende vedlagte kommentar fra professor emeritus Gunnar Skirbekk (se vedlegg).

Vennlig hilsen

Dag Rune Olsen  
rektor

Kari Tove Elvbakken  
universitetsdirektør

Vedlegg:

Kommentar fra professor emeritus Gunnar Skirbekk

Kopi:

Kunnskapsdepartementet

## Høyringsfråsegn til NOU 1/2013

### «Det livssynsåpne samfunn. En helhetlig tros- og livssynspolitik»

#### Tru og livssyn i eit opplyst og institusjonelt differensiert samfunn

##### Bakgrunn

Innstillinga frå Stålsett-utvalet, NOU 1/2013, vart overlevert til Kulturdepartementet den 7. januar i år, med høyringsfrist 30. august. Den umiddelbare bakgrunnen er det tverrpolitiske kyrkjeforliket frå 2008 (St.meld. 2007/2008: 17) og endringa av Grunnlova i 2012. Dermed vart Statskyrkja ei statsbudsjettkyrkje (Den norske kyrkja) og spørsmålet om økonomisk likebehandling av andre trus- og livssynssamfunn kom på dagsordenen.

I mandatet blir det lagt til grunn at trus- og religionsfridom skal sikrast, at det bør utarbeidast "en mer helhetlig politikk på området", og at "staten fortsatt skal føre en aktivt støttende tros- og livssynspolitik innenfor rammene av sentrale prinsipper i det norske samfunnet som demokrati, rettsstat og menneskerettighetene" (2.1). Ved gjennomgang av tilskotsordninga er utvalet pålagt å drøfte "i hvilken utstrekning det kan og bør stilles vilkår for økonomisk støtte til tros- og livssynssamfunn" (mandat, 2.1).

Innstillinga er på 462 sider, og er prega av mange dissensar. Særleg påfallande er eit dobbelt avvik frå mandatet: To av medlemmene i utvalet *går imot mandatet* på det avgjerande punktet om at staten skal føre ein økonomisk støttande politikk. Heile utvalet *går utover mandatet* (§ 8, kap. 10) idet dei ikkje nøyer seg med å forhalde seg til det staten kan og bør gjere, men går forkynnande ut overfor det norske folk med eit normativt prinsipp om at "alle bør akseptere å bli eksponert for andres tros- og livssynspraksis i det offentlige rom" (1.1; § 8). Begge avvik er oppsiktvekkande, kvar på sitt vis.

Begrepsbruken i § 8 uklar: Bør vi "akseptere" andres trus- og livssynspraksis i det offentlege rom i den forstand at vi alle bør sjå dette som *eit gode* som vi gir vår *oppriktige støtte*? Eller bør vi akseptere det som *eit faktum*, slik vi t.d. aksepterer at AIDS er ein sjukdom i medisinsk forstand og ikkje magi, samtidig som vi støttar kampen mot AIDS? Det er vel primært det første som er meint. Men bør vi då akseptere *alle* former for trus- og livssynspraksis i det offentlege rom, *utan kritisk respons*? (Ut frå dei definisjonane utvalet legg til grunn, er det her tale om likt og ulikt, frå satanisme til militant ateisme – sjå neste avsnitt.) Dette er eit springande punkt, som viser til eit gjennomgåande problem i innstillinga: manglande fokus på behovet for sakleg diskusjon og opplyst religions- og livssynskritikk i moderne demokrati.

## Definisjon av trus- og livssynssamfunn

Kven er så dei andre (i tillegg til Den norske kyrkja) som skal nyte godt av offentleg støtte? Her er dei to definisjonane som utvalet legg til grunn (1.8 og 23.3.4), med det underliggjande krav at trus- og livssynssamfunna opererer innanfor norsk lov og i samsvar med menneskerettane, og at dei er organiserte på forskriftsmessig vis, som registrerte ”samfunn”:

”Et trossamfunn må være basert på felles forpliktende oppfatninger om tilværelsen der mennesket ser seg selv i relasjon til en gud eller en eller flere trans[c]endente makter.”

”Et livssynssamfunn må være basert på felles forpliktende oppfatninger om menneskets plass i tilværelsen og holdning til sentrale etiske spørsmål.”

Som alle ser: Desse definisjonane omfattar så mangt, frå satanisme og salafisme, norrøn gudelære og heksedyrking, militant ateisme og tvilande agnostisisme, til kantianisme og nietzscheanisme, og mangt anna (så sant dei opererer innanfor norsk lov og er forskriftsmessig organiserte).

Men definisjonane utelukkar omfattande nyreligiøse trendar, t.d. dei som har ei personleg tru på englar og overjordiske makter, men som ikkje er organiserte som ”samfunn”.

Så er spørsmålet: Kva er felles for alle dei som fell innanfor? Det er her tale om militante ateistar, tradisjonsbundne muslimar, tvilande agnostikarar, diskrete protestantar etc etc. Kva har alle desse til felles? (Bortsett frå at dei tilhøyrrer homo sapiens, og opererer innanfor lov og rett og er forskriftsmessig organiserte.) Svaret må vere: ingenting.<sup>1</sup>

Kort sagt, desse definisjonane omfattar likt og ulikt. Dét får konsekvensar for spørsmålet om kva likebehandling kan bety i dette tilfellet. Meir seinare.

## Demokrati og opplysning

Mandatet framhevar at demokrati, rettsstat og menneskerettar er premissar for trus- og livssynspolitikken (2.1). I innstillinga (§ 6, om grunnleggjande prinsipp) heiter det at ”Statens aktive tros- og livssynspolitikk må i sin utforming vurderes opp mot sentrale

---

<sup>1</sup> Kan kravet om ”forpliktende oppfatninger” vere til hjelp? Men forplikta på kva og i kva forstand? Overfor *eins eige samvit*, slik vi kjenner det i protestantismen? (“Her står eg og kan ikkje anna.”) Eller forplikta overfor *eigen tradisjon og kultur*? Eller forplikta overfor *betre grunnar*, slik vi kjenner det i moralfilosofien? (Jf Habermas og den tvangsfrie tvang ved dei betre argument.) Med andre ord, uklar språkbruk. Uttrykket ”forpliktende oppfatninger” rommar likt og ulikt og kan derfor ikkje vere til hjelp.

fellesverdier: demokrati, rettsstat, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling.” Demokrati står altså sentralt. Kva ligg i det?

Utvalet omtalar demokrati som ein ”verdi”, på linje med ikkje-diskriminering og likestilling. Men demokrati er også noko anna og meir, både institusjonelt og kulturelt. Til dømes er det slik at *alle fungerande demokrati fordrar allmenn skuleplikt*. Kort sagt, det er eit indre forhold mellom demokrati og opplysning: Eit moderne rettsstatleg demokratiet *krev* utdanning og opplysning, og *forutset* utdanning og opplysning. Dessutan, i eit moderne samfunn omfattar utdanning og opplysning ein rimeleg grad av vitskapleg kultur, der ulike former for vitskap inngår – ikkje berre dei årsaksforklarande, men også dei tolkande og kritisk argumenterande aktivitetane. Dermed omfattar ein moderne, opplyst og vitskapsbasert kultur også religionskritikk, ikkje som dogmatisk avvising, men som opplyst utprøving og sjølvkritisk lutring.<sup>2</sup>

I innstillinga blir det indre forholdet mellom demokrati og opplysning oversett. I innstillinga blir det fokusert på at staten opererer på det rettslege og økonomiske plan, med lovgiving og løyvingar, ved å forby eller tillate og ved aktiv økonomisk støtte. Men innstillinga er blind for at moderne demokratiske rettsstatar er forplikta på å fremje utdanning og opplysning.

I ein moderne demokratisk rettsstat som den norske er det behov for ei allmennutdanning som formidlar kritisk tenking og vitskapleg holdning, medrekna opplyst religions- og livssynskritikk. Slik undervisning bør foregå på ein sakleg og nøktern måte, tilpassa elevane og deira føresetnader, og det bør vere eit obligatorisk opplegg for alle, ikkje eit valfag.

Staten (ved politikarane eller byråkratane) kan sjølvsagt ikkje bestemme kva som er gode og dårlege grunnar i vitskapleg forskning, heller ikkje i teologi eller filosofi. Men ein moderne demokratisk stat er forplikta på eit opplyst og obligatorisk utdanningssystem.<sup>3</sup> Og ein moderne demokratisk stat bør leggje til rette for sjølvkritisk forskning (t.d. på universiteta) og for fri og opplyst meningsutveksling og meningsdanning i det offentlege rom.<sup>4</sup>

I slike meningsbrytningar inngår så mangt, ikkje berre *politisk debatt* der poenget er å få gjennomslag for eigne synspunkt, og heller ikkje berre *dialog* med sikt på gjensidig

---

<sup>2</sup> Jf t.d. Gunnar Skirbekk, ”Religionskritikk - kvifor og korleis”, *Religion og livssyn, tidsskrift for religionslærerforeningen i Norge*, 3/2011.

<sup>3</sup> Det er ikkje straffbart å hevde tøvete standpunkt (t.d. at jorda er 4 millionar år). Men den som hevdar slike standpunkt, kan ikkje vente å stå til eksamen.

<sup>4</sup> Jf Grunnlova § 100 siste ledd.

forståing, men også *diskusjon* der partane gjensidig anerkjenner kvarandre som fornuftige og feilbarlege og der dei i fellesskap søker dei betre argument. I innstillinga er det mykje tale om debatt og dialog (1.9, 3.6, og 21), men ikkje om diskusjon i nemnde tyding.<sup>5</sup> Det er påfallande, for spissformulert kan det seiast at det er diskusjon i nemnde tyding som utgjer kjernen i ein moderne vitkapsbasert kultur.<sup>6</sup>

I innstillinga blir religionskritikk omtala som ein individuell rett. Det er riktig og viktig. Men det ser ikkje ut til at utvalet har fått med seg at lutrande kritikk, rett forstått, vil vere til gagn for religionane sjølve.<sup>7</sup> Dette gjeld t.d. dei tre monoteistiske religionane (jødedom, kristendom og islam), som av indre grunnar er opne for tolkingar og vitkapsbaserte argument, både med tanke på tolkinga av heilage skrifter og med tanke på omtalen av gudsbegrepet.<sup>8</sup> Ut frå innstillinga ser det heller ikkje ut til at utvalet har fått med seg at moderne demokrati har behov for opplysning og religionskritikk. Kort sagt, forholdet mellom demokrati og opplysning og mellom opplysning og lutrande religionskritikk er merkeleg fråverande.<sup>9</sup> Dê får konsekvensar for dei tilrådingane som utvalet kjem fram til. Meir seinare.<sup>10</sup>

### **Historia som formar det moderne norske demokrati**

Det referatet som blir gitt om kristendommens rolle i norsk historie, er mangelfullt og vindskeivt:<sup>11</sup> For stor vekt på disiplinering, særleg av seksualitet, og for lite vekt på det varige bidraget til kulturell modernisering og opplysning. Kort sagt, for mykje Foucault og for lite Weber.

I eit webersk perspektiv framstår den dansk-norske protestantismen som viktig for å forstå dei særeigne moderniseringsprosessane som på norsk jord vart borne fram i eit stridig samspel mellom ein luthersk embetstand og folkelege rørsler, med markante tidlege

---

<sup>5</sup> "Med dialog menes samtaler med utgangspunkt i likeverdighet mellom samtaleparterne", s. 50, ftn 36.

<sup>6</sup> "Dialog" utan diskusjon kan lett utarte til "repressiv toleranse".

<sup>7</sup> Kritikk som lutring (reinsing), jf Kants kritikk av den praktiske og teoretiske fornuft.

<sup>8</sup> Ikkje minst med tanke på det vondes problem og faren for ufrivillig blasfemi. Jf Gunnar Skirbekk, «Å tale om Gud i lys av det vondes og det latterleges problem. Om behovet for teologi og faren for ufrivillig blasfemi», *Kirke og kultur*, 2/2011.

<sup>9</sup> I innstillinga blir vitkapane trekte inn i omtalen av slakt og omskjering, men ikkje i omtalen av demokrati.

<sup>10</sup> Som normative prinsipp framhevar utvalet individets rettar og praktisk nytte her og no (13.5.4), men utan å gå inn på dei normative føresetnadene for eit moderne demokrati generelt og det moderne norske demokrati spesielt, nemleg i form av utdanning og opplysning, som igjen omfattar opplyst religionskritikk og ein vitkapsorientert kultur.

<sup>11</sup> Det er i beste fall unøyaktig når det blir sagt at reformasjonen førte til at kyrkja var «nasjonalisert». Det vi då fekk, var ein statspietisme underlagd kongemakta, og dei danske kongane (ofte tysktalande) regjerte ikkje over ein nasjon, men eit fleirnasjonalt dynasti, med danske, norske og tyske undersåttar, i tillegg til islendingar, færøyingar, inuitar, samar, og etter kvart også folk i dei små koloniane i Asia, Afrika og Amerika.

aktørar som Erik Pontoppidan ovanfrå og Hans Nielsen Hauge nedanfrå, og frå 1814 og framover med Stortinget som arena og med omfattande læringsprosessar ved sjølvorganisering og aktiv deltaking, fram til 1884 då embetsstanden «abdiserte» i tillit til at land og rike ville bestå: I utgangspunktet, ei «pastoral opplysning»,<sup>12</sup> ved opplysningsorienterte prestar ovanfrå og lesande bønder nedanfrå<sup>13</sup> – ingen jakobinisme med blodig revolusjon, og heller ingen restaurasjon etterpå – men med opplyste og lovorienterte aktørar på begge sider, der dei gjensidige erfaringane resulterte i ein grunnleggjande tillit både til motstandarane og til institusjonane – som historisk bakgrunn for det tillitsbaserte velferdssamfunnet slik vi har det i dag. Med andre ord, i ein lang periode spela den dansk-norske protestantismen ei avgjerande rolle i moderniseringsprosessane her til lands, samtidig som denne protestantismen etter kvart har tilpassa seg til det moderne samfunn, med tanke på vitskapsbasert opplysning og institusjonell differensiering, og ved diskret framferd i det offentlege rom og i offentlege institusjonar.

Det var ikkje «religionen» som var med på å forme det tillitsbaserte og lovorienterte, egalitære og institusjonelt differensierte norske velferdssamfunnet, men dansk-norsk protestantisme, inkarnert i bestemte aktørar, institusjonar og rørsler. Når vi skal behandle likt likt «innanfor rammene av sentrale prinsipper i det norske samfunnet», er det derfor rimeleg at denne moderniserande og moderniserte versjonen av luthersk protestantisme spelar ei sentral rolle som referansepunkt for likebehandlinga – for det som dei andre trus- og livssynssamfunna blir likebehandla i forhold til – anten det gjeld økonomi og ressursar eller det gjeld spørsmålet om korleis ein bør te seg i det offentlege rom og i offentlege institusjonar. Det var jo nettopp likebehandling i forhold til statskyrkja som var utgangspunktet for det heile.

### **Likebehandling av likt og ulikt**

Likebehandling vil seie å behandle likt likt. Men som sagt, det er vanskeleg å sjå kva som er likt hos alle dei trus- og livssynssamfunn som fell innanfor definisjonane. Dessutan, ifølgje mandatet skal trus- og livssynspolitikken vurderast opp mot «sentrale prinsipper i det norske samfunnet», slik som demokrati (jf § 6 i innstillinga). Som vi har vore inne på, *krev* demokratiet allmennutdanning og opplysning, samtidig som demokratiet *forutset*

---

<sup>12</sup> Uttrykket er lånt frå Nina Witoszek.

<sup>13</sup> Jf Jostein Fet, *Lesande bønder*, Oslo 1995. Generelt til dette, jf Gunnar Skirbekk, *Norsk og moderne*, Oslo 2010.

utdanning og opplysning. I eit moderne demokrati omfattar dette ein rimeleg grad av vitenskapsbasert kultur, der opplyst religions- og livssynskritikk inngår. Samtidig veit vi at det som går for å vere religion, ofte kan omfatte overtru, manglande opplysning, tradisjonsbunden indoktrinering og førmoderne kultur. Då buttar det imot.

Dessutan, eit moderne demokrati omfattar ikkje berre opplysning og kulturell modernisering, t.d. i form av opplyst og lutrande religions- og livssynskritikk, og dertil ei reflektiv erkjenning av at det finst andre modererte og moderniserte oppfatningar enn den ein sjølv held seg til; i tillegg omfattar eit moderne demokrati også institusjonelle differensieringar, t.d. mellom religion og rettsvesen, og mellom yrkesroller og privatliv.<sup>14</sup>

Dermed har vi eit par relevante og viktige kriterie for å skilje mellom likt og ulikt, det vil seie, mellom det som passar inn i eit moderne demokrati, og det som buttar imot, kort sagt: (i) ein rimeleg grad av opplysning og lutrande religionskritikk, og (ii) aksept for institusjonell differensiering og rolledifferensiering. Dette er allmenne kriterie.

Men i mandatet blir det også referert til sentrale prinsipp i «det norske samfunnet». Dermed blir det viktig det vi sa om korleis dansk-norsk protestantisme, via embetsstand og folkelege rørsler, var med å forme det egalitære og tillitsbaserte norske samfunn, slik vi kjenner det i dag. Her er det ikkje tale om frittsevande ”verdiar” som ein kan velje eller vrake, heller ikkje er det tale om abstrakte prinsipp. Her er det tale om tunge og stridige læringsprosessar som på avgjerande vis har vori med å forme dagens norske demokratiske samfunn.

Dermed har vi igjen eit viktig kriterium for å skilje mellom likt og ulikt, nemleg mellom det som passar inn i det moderne norske demokratiet, og det som buttar imot – kort sagt, det som er likt og det som er ulikt med omsyn til grunnleggjande trekk i det egalitære og tillitsbaserte norske demokratiet. I tillegg til dei to kriteria vi nyss nemnde, har vi då dette kriteriet: (iii) diskret framferd i det offentlege rom og i offentlege institusjonar.<sup>15</sup>

### **Spesielt norsk, og sårbart**

Det er spesielt for Noreg at sekulære livssynssamfunn har same juridiske status og får same økonomiske støtte som religiøse trussamfunn. Dette heng saman med den uvanleg sterke stillinga som humanetisk forbund har i norsk politikk. Spesielt er det også at vi her i landet

---

<sup>14</sup> Jf ”modernisering av medvitet”, Jürgen Habermas, *Zwischen Naturalismus und Religion*, Frankfurt am Main 2005, s. 148.

<sup>15</sup> Spissformulert er kontrastane klare: (i) opplysning og lutrande religionskritikk versus uopplyste og førmoderne trus- og livssynsformer, (ii) aksept for institusjonell og rollemessig differensiering versus manglande aksept for dette, (iii) diskret framferd i det offentlege rom og i offentlege institusjonar versus ekspressiv synleggjering i det offentlege rom og i offentlege institusjonar.

opererer med så mange trus- og livssynssamfunn, nær 660 (9.3). (Sverige har 22.) Alle får økonomisk støtte frå staten. Rundt ti prosent av folket står ikkje i noko trus- eller livssynssamfunn, men dei er like fullt med å betale for dei andre.

Det er sikkert mangt som er bra ved denne ordninga, t.d. at det er forhandla fram modererande holdningar, for eksempel på spørsmålet om retten til å melde seg ut av eit trussamfunn. Men ordninga er dyr. Med så mange "samfunn" er det krevjande å ha tilsyn med medlemslister og pengebruk. Dessutan omfattar ordninga likt og ulikt, frå sjamanisme og norrøn gudelære til militante ateistar og diskret prostantar, frå tvilsorienterte agnostikarar til førmoderne muslimar.

Dette er ein skjør konstruksjon, som botnar i eit tidsbestemt politisk kompromiss. Dersom vi får trongare tider, og dersom folk fattar interesse for dette voluminøse og merkelege mangfaldet av statsfinansierte trus- og livssynssamfunn, kan ordninga lett komme i vanry og dermed komme under press.

### **Å stille krav**

Ut frå mandatet er utvalet pålagt å drøfte "i hvilken utstrekning det kan og bør stilles vilkår for økonomisk støtte til tros- og livssynssamfunn" (2.1). I innstillinga blir det stilt krav av administrativ og juridisk art. Det gjeld organisasjonsform, ikkje minst med tanke på tilsynet med medlemslister og pengebruk. Det gjeld føresetnaden om at trus- og livssynssamfunna skal operere i samsvar med norsk lov og internasjonale menneskerettskonvensjonar. Her blir det særleg fokus på barn, likestilling og vold.

Ut frå definisjonane på trus- og livssynssamfunn er det klart at utvalet opnar for likt og ulikt, både for trus- og livssynssamfunn som er lutra og diskret og som går greitt inn i eit moderne samfunn som det norske, og for trus- og livssynssamfunn som buttar imot sentrale fordringar og forventningar i eit moderne demokrati (som det norske). Men utvalet vil ikkje stille krav som rører ved innhaldet (23.4.2): Det indre liv i trus- og livssynssamfunna skal ikkje underleggjast slike krav!

Rett nok har innstillinga eit kort og kryptisk avsnitt om at oppfatningane (i støtteverdige trus- og livssynssamfunn) bør vere seriøse (23.3.3). Men dette kravet blir raskt lagt til side, til fordel for eit krav om at oppfatningane bør vere "oppriktige" og «forpliktende for samvittigheten»: "Utvalget vil tilrå at det legges til grunn at de religiøse virkelighetsoppfatningene oppfattes som forpliktende for samvittigheten, og er oppriktig



ment.”<sup>16</sup> Men kva betyr «samvittighet» i denne samanhengen? Blir samvitet forstått som ein uforanderleg indre kjerne? Eller innser ein at sosiale faktorar spelar inn ved forminga og utviklinga av samvitet? Og kva med forholdet mellom samvit og overindividuelle normer og prinsipp? Men så kjem det: ”I forlengelse av dette bør en legge til grunn at religionen må inneholde et krav om å si noe sant om tilværelsen,...” (23.3.3). Når kravet er at religionen skal seie noko sant om tilværet, kva betyr det? ”Sant”, i kva forstand? Er det noko som kan etterprøvast av andre, slik det er i vitenskapane, eller er det noko anna? Kort sagt, dette er uklart, og dermed useriøst.

Men det stoppar ikkje med dette: Utvalet talar om å etablere ei nemnd for å ”klarere krav og vilkår til tros- og livssynssamfunn” (23.6.3), og i den samanhengen tilrår utvalet at det blir oppretta eit ”rådgivende utvalg” av ”personer med høy faglig kompetanse og integritet på tros- og livssynsområdet”. Men kva betyr ”faglig kompetanse”<sup>17</sup> i denne samanhengen? Her er det ikkje nok med faktakunnskap om ulike religionar. Her trengst det også innsikt i dei kulturelle og institusjonelle føresetnadene for eit moderne demokrati. Men det er ingenting som tyder på at utvalet har tenkt i slike banar. På dette avgjerande punktet er innstillinga useriøs.<sup>18</sup>

Staten kan ikkje bestemme kva som er gode eller dårlege argument i vitenskapleg forskning, heller ikkje i teologi eller filosofi. Men offentlege instansar kan leggje til rette for fri forskning og for lutrande læringsprosessar i samfunnet elles.<sup>19</sup> Og innanfor academia kan fagfolk drøfte og vurdere kva som er rimeleg og urimeleg i ulike fagfelt, også i teologi og filosofi. Sjølv sagt er det slik at religion og livssyn omfattar mangt som ikkje er av det sanningsorienterte slaget. Men somt er slikt som kan drøftast. I dei tre monoteistiske religionane gjeld dette både skrifttolkinga og begrepsbruken. Dermed er det t.d. opna for diskusjonar om gudsbegrepet og om det vondes problem. Og då er det ikkje slik at ikkje-truande, eller dei som har ei anna tru, ikkje kan ytre seg. Då er det ikkje slik at ein kan verne seg mot opplyst og sakleg kritikk ved å hevde at berre dei som bekjenner seg til ei bestemt tru, kan uttale seg om dei tolkingsrelaterte og begrepsmessige sidene ved denne

---

<sup>16</sup> Kva betyr ”samvittighet” i denne samanhengen? Blir samvitet forstått som ein uforanderleg indre kjerne? Eller innser ein at sosiale faktorar spelar inn ved forminga og utviklinga av samvitet? Og kva med forholdet til overindividuelle normer og prinsipp?

<sup>17</sup> Der det vel inngår eit ”krav om å si noe sant om tilværelsen”.

<sup>18</sup> Som nemnt, ein nøyer seg med å operere med eit enkelt skilje mellom politisk debatt og sosial dialog, utan blick for ein avgjerande tredje kategori, nemleg opplyst argumentasjon, ved gjensidig søk etter betre grunnar, det som spissformulert kan seiast å vere kjernepunktet i moderne sanningsorientert praksis. På dette avgjerande punktet er innstillinga ikkje tillitvekkande.

<sup>19</sup> Jf Grunnlova § 100 siste ledd.

trua.<sup>20</sup> Tvert om, sentrale oppfatningar i dei fleste trus- eller livssynssamfunn kan drøftast og vurderast på ein kompetent måte også av ”dei andre”. Dette inneber at det i utgangspunktet er mogleg å vurdere om medlemmene i eit trus- eller livssynssamfunn har gjennomgått lutrande læringsprosessar eller ikkje.

Kort sagt, innstillinga opererer med visse krav for å få støtte, men krava er få og selektive. Viktige krav manglar. Det gjeld det allmenne kravet om opplysning og kulturell modernisering, som føresetnad for eit fungerande moderne demokrati. Det gjeld også dei meir spesielle historiske og sosiale føresetnadene for det egalitære og tillitsbaserte norske demokratiet, som grunnlag for ein generell og sjenerøs velferdsstat av nordisk type.

### Konklusjon og tilråding

- (i) Kort sagt, det opplegget som fleirtalet i Stålsett-utvalet går inn for, er for dyrt og for omfattande. Opplegget må gjerast meir overkommeleg, økonomisk og administrativt. (a) Mindre kostnader: Den økonomiske støtta frå det offentlege bør over tid justerast ned. (b) Færre trus- og livssynssamfunn: Det bør bli langt færre registrerte og finansierte trus- og livssynssamfunn”. (c) Fritak: Dei som ikkje er medlem i eit statsfinansierte trus- eller livssynssamfunn, bør få fritak frå å betale for finansieringa av (andres) trus- og livssynssamfunn.
  
- (ii) Likt bør behandlast likt. Men likt med omsyn til kva? (a) Ved likebehandling av trus- og livssynssamfunn bør vi ikkje berre ta omsyn til om vedkommande trus- og livssynssamfunn fell inn under dei vage og spesielle definisjonane som utvalet har lagt til grunn (og om dei opererer i samsvar med norsk lov), men også om og i kva grad dei opererer i *samsvar med dei allmenne føresetnadene for eit moderne opplysningsbasert demokrati*: For å få støtte, bør dei som står ansvarlege for eit slikt samfunn, *kontraktmessig og rettsleg forplikte* seg på at vedkommande samfunn vil leve opp til desse fordringane, t.d. i *undervisning og forkynning*. For å få støtte, bør kravet for *tilsetjing av personar* som skal stå ansvarleg for undervisning og forkynning (*prestar, imamar, rabbinar etc.*) vere mastergrad eller tilsvarande frå eit norsk universitet med examen philosophicum, i samsvar med dei krav som tradisjonelt blir stilte til prestar i den norske kyrkja. Det avgjerande at utdanninga er *forskningsbasert* og at

---

<sup>20</sup> Jf synspunktet at berre kvinner kan forske på kvinner, berre samar kan forske på samar, etc.

utdanninga (av sosialiseringssgrunnar) skjer ved eit *norsk* breidde-universitet. Med dette utdanningskravet har vi eit hendig grep for å skilje mellom dei som kan få støtte og dei som ikkje bør få støtte.<sup>21</sup> (b) Ved likebehandling av trus- og livssynssamfunn bør ein dessutan ta omsyn til om trus- og livssynssamfunna fungerer i samsvar med *dei særeigne fordringane* som inngår i det egalitære og tillitsbaserte *norske* demokratiet, prega av allmenn solidaritet, lovorientering, opplysning og diskret framferd i det offentlege rom og i offentlege institusjonar og posisjonar, eller om tvert om dei buttar imot. Dette kravet gjeld i særleg grad overfor dei personane som har ansvar for undervisning og forkynning. Igjen er kravet om dokumentert forskningsbasert utdanning ved norske breidde-universitet eit hendig grep for å skilje mellom dei som kan få støtte og dei som ikkje bør få det.

- (iii) Som nemnt, *Den norske kyrkja* står sentralt i dei moderniseringsprosessane som fører fram til dagens norske demokrati. Andre trus- og livssynssamfunn kan lære av dette. Men når det gjeld desse samfunnsformande prosessane, kan ingen andre gjere *Den norske kyrkja* rangen stridig. Denne historia kan heller ikkje avvisast som noko ”fortidig”, for dette er formande prosessar for dagens norske samfunn. Så er spørsmålet: Bør det nedfellast i ein spesiell paragraf i Grunnlova at den kristne og humanistiske arv utgjer grunnverdiar for det norske samfunnet? Kanskje det. Men her bør vi ta oss tid til å tenkje igjennom kva poenget kan vere med ein slik paragraf. For kanskje er formålsparagrafar og andre symbolgivande paragrafar mindre viktige enn vi gjerne trur. Kan hende ville det ha større effekt om *historia til den norsk-danske protestantismen* vart solid forankra i *forteljinga om fedrelandet*, for eksempel i *allmennundervisninga i skuleverket*. Så kanskje skuleverket burde prioriterast framfor Grunnlova?<sup>22</sup>

---

<sup>21</sup> Dette rører ikkje ved spørsmålet om religionsfridom. Jf Stålssett-utvalet som skil mellom rettslege prinsipp for religionsfridom og politiske vedtak om statleg støtte (§ 1,2). T.d., alle norske statsborgarar har religionsfridom, også det mindretalet som ikkje er medlem i noko trus- eller livssynssamfunn; dei er i dag med å betale for dei andre og får ikkje sjølve nytte godt av statlege overføringer, men religionsfridom har dei, t.d. nyreligiøse som ikkje er organiserte.

<sup>22</sup> Eller kanskje lovverket burde instruere skuleverket, t.d. ved ei formulering av denne typen: «Det norske samfunn er prega av grunnleggjande impulsar frå dansk-norsk protestantisme i møtet med opplysningstida, i eit stridig samspel mellom embetsstand og folkelege rørsler. Staten skal sikre at skuleverket formidlar kunnskap om desse historiske og kulturelle føresetnadene for dagens tillitsbaserte norske demokrati.»

Konklusjon: Det opplegget vi no har, er dyrt og problematisk. Det opplegget Stålsett-utvalet legg opp til, gjer vondt verre. Hovudgrunnen er at utvalet overser dei føresetnadene om opplysning og kulturell modernisering som må på plass for at eit moderne demokrati, som det norske, skal fungere godt. Resultatet er ein skjør konstruksjon som neppe er liv laga. Derfor ville det vere uklokt av eit politisk parti å binde seg til det opplegget som Stålsett-utvalet tilrår. På politisk hald bør ein gå over feltet på nytt, men med meir adekvate begrep om demokrati og kulturell modernisering enn dei Stålsett-utvalet opererer med.